

Tallause stadnamn?

Stadnamn og klokkeslett, eller rettare sagt dagtidmerke frå dei tider då klokker ikkje fanst i kvar gard, vart eit nokså vidt emne om vi skulle ta for oss ”talskiva” på naturens eige solur, frå rismål til nattmål. Der er tallause middagsmerke, t.d., men færre markeringar av midnatta, for då skulle fornuftige folk sove! – Seinare vart klokker allemannseige, og frå då av blir namn som Klokka åtte-tinden o.l. meir vanlege. Og det er greitt nok, høyrer du eit namn som Åttetinden, er det meir sannsynleg at det er eit forkorta (Klokka) åtte-tinden enn at du der vil få sjå åtte tindar på rad. Med andre ord er det ingen skilnad på *Ellevetinden* i Tysfjord og *Klokka elleve-tinden* i Hadsel – og varianten *Ellevetuva* (evt. -tuvo) er kjend i fleire kommunar. Artigare er namnet *Ellevelasshola* i Hattfjelldal, som sjølvsagt fortel om gammal slåttebruk.

Med ei slik vinkling blir det tradisjonelle og utbreidde Middagstinden og nyare *Tolvtinden* i praksis det same. Meir rart er at nokre spreidde namn tilsynelatande inneheld talet tretten (13). Her har eg i tanke *Trettendalen* med Trettendalstindan i Øksnes, så vel som *Trettenelva* i same kommune, og vidare *Trettenmyra* i Bø og Evenes. At desse namna har noko som helst med det gamle soluret å gjere er innlysande usannsynleg, for få av oss er hyperkorrekte nok til å tale om klokka tretten til kvardags, då eitt mindre i gamle dagar. At det skulle vere tale om heile tretten dalar, elvar eller myrar forbyr seg sjølv.



Her er det gammalnorsk grammatikk som lurar oss: Tretten-namna fortel på ein finurleg måte at der gjekk føre seg ikkje berre ei, men fleire tretter om retten til desse lokalitetane, understreka gjennom genitiv fleirtal *þrætn(a)*– i staden for genitiv eintal *þræt(u)*–. Med andre ord har det ha mykje for seg å skrive desse namna *Tretdalen* osv. i staden for Tretten-.



Til høgre Triflesa i Bø. I forgrunnen Fjærvolløyra, i bakgrunnen Andholmen, Flatholmen o.fl.

Men talbruken går ikkje alltid på inndelinga av døgnet, iblant fortel *Totindan* og *Tretindan* o.l. ganske enkelt at det er tale om så og så mange tindar på rad. For så vidt heilt på line med det meir eintydige skjernamnet *Triflesa* og fjellnamnet *Trebyrna* (trebyrner) i Bø, der skjerret er delt i tre mens fjellet har tre horn. Men

siste er praktisk talt same namn som Overhalla (Overhalva) i Trøndelag. Heller ikkje vi er så korrekte at vi seier halvparten, vi slurvar og seier hallpart'n.

I Meløy-gården i Meløy kommune har dei to bruk som heiter *Tvenningan* (Øver- og Ner-Tvenningen): det går tilbake på gno. *tvenning* f ”det som er delt i to”. – På Myklebostad i Bodin er det eit nedlagt gardsbruk kalla både *Trenna*, *Trinna* og Tréinga. Bruksnummera viser spor etter ei eldgammal tredeling. Så kan vi då også lett forstå at Trenna og Trinna er samandregne former av norrønt *þrenning*, *þrinning* ”eining av 3”, mens Tréinga må vere ein meir moderne og forklarande variant. – I samband med tredeling får vi heller ikkje gløyme *Træna* med sine tre særmerkte fjelltoppar, eit namn som synest å gå tilbake på gno. *Þriðn*.

Langt vanlegare er *fjerding* nytta som namn på bygdelag (opphavleg fjerdedelen av ei sysla). Dette er utbreidd i Nordland til og med Vesterålen mens Andøya så vel som Troms var inndelt i tinglag. Ordet fjerding står som kjent også for folket som bur i eit slikt bygdelag. Meir om fjerding i Håløygminne. b. 3 s. 340, 387, 399 og b. 4 s. 26. – Sørpå er Fjerdingen her og der også namn på gardsbruk som på eit eldre stadium må ha høyrte til ei større eining.

Når vi først er inne på slike inndelingar, er det sikkert mange som kjem i tankar om den gamle skikken å dele nordlandsbåtane inn i storleikane færing, seksring, åttring og teinring. Det er etter retten forkorta former av gammalnorsk fer-, sex-, ått- og teinæringr, om farkostar med så og så mange årar. Eigentleg seier jo folk *færring*, noko vi godt kan normalisere til ferring, for det er ei samandraging av fer(æ)ringr og språkleg sett meir systemrett enn færing, som forresten også kan tyde færøying.

Bør kanskje for ordens skyld òg nemne at det til relativt kort tid sidan var vanleg med stavkar som *kvartel* og *åttling*, som fire- og åttedel av ei heil tynne på 96 l. Derimot finn vi visst her nord ingen spor etter åttling (ottung) som administrativt namn på halvdelen av ein fjerding.

Sner vi etter høgare siffer enn fire og ser bort frå alt som har med klokkeslett å

Kjem vi fram til talet ni, skulle vi tru ingenting var å hente i stadnamnkontekst, ut over det som har med klokka å gjere, men eg trur gjerne at ein og annan dreg seg til minnes fjell- og kraftverknamnet *Niingen* i Evenes. Mange har grubla på det, m.a. om det skulle ha noko med klokkeslett å gjere, men der er ingen sikre haldepunkt for det. Andre har gått ut frå at at namnet kjem av rødnad i fjellet ved solovring og tenkt seg niing som avbregda uttale av *nying* ”bål, stokkeld på fri mark” (av gno. hnúðr ”påle, staur”). Men det er nok altfor langhenta, for her nord er jo ordet litterært kjent, men elles ukjent, i talemål så vel som stadnamn. Heller ikkje har målet i Evenes itakisme (i for y), det eg veit, endå norsk y nok kunne bikke over til u eller i eitt og anna ordet og namnet, her så vel som i andre bygder, merk *nugla* og *ivler*.

Niingen har veldig særmerkt form, så særmerkt at eg har lurt på om han kan ha vore samanlikna med ein eller annan gjenstand, og då har eg først og fremst hatt i tanke samisk *niedja* ”fastsittende tofte i sjøbåt; stykke skjøtt på en spantende i elvebåt” (jamfør *niegja*, *nieja* – ”Knæ, Indholdt i Baad” i Friis ordbok). Men det ordet er neppe kjent frå nordlandsbåtkulturen. Iallfall er det ikkje oppført i ”Just Qvigstads lappiske ordbok fra Ibestad, Lenvik og Ofoten” som kom ut i 2004 og berre har *buolvvas* for kne i båt.



Meir tru har eg på at namnet gir ein beinveges karakteristik av korleis fjellet ser ut og kan vere eit opphavleg samisk *njieddjege el.l., jamfør adjektivet *njieddji* ”sigande, fallande” (samanlikn njiedjat ”dale, gå ned, stige ned, gå nedover” og njiddat ”skli” mm.) Det høver i alle høgaste grad, sjølv om Qvigstad ikkje fann det ordet heller i det aktuelle området .

At namnet på ein fiskeplass fortel kva fangst som ved eit visst høve har vore tatt der, høyrer vel til unnataka, men så har det seg truleg med *Femtenfiskgrunnen* i Rana. Motorisert ferdsel på sjø og land der oppmålingar av ymse slag høyrer til, har sett sine spor: Sjøkart har vi hatt så lenge at også gamle fiskarar kan omtale bøar og grunnar som ein- og to-metringar osv. At dei yngre fiskarane i dag ikkje lenger brukar dei gamle médnamna, men siffer frå peileapparat er også ein del av biletet. Men ettersom det sist konkret omtalte stadnamnet var frå landjorda og Ofoten, vil eg her føye til at (tomta etter) ei vaktbu på Tarvaldjorda i Narvik bar namnet *Femtenforti*. Derifrå var det nett 15.40 km inn til byen med banen, og på om lag same stad går lina gjennom *Sekstenskjæringa*.

Føl vi talrekka vidare, vil det overraske fleire enn meg at *Syttendemaihaugen* er registrert i berre eitt tilfelle, frå Hadsel. Vi synest nok at syttandemaifeiring har vi ”alltid” hatt, men at dette ikkje har slått sterkare ut i stadnamntradisjonen, gir oss noko å reflektere over. – Merkelegare er namnet *Attenmarkan* i Vestvågøy, som kunne ha med gammal jordskyld å gjere, men det forblir tvilsamt inntil ein eller annan lokalhistorikar tar reknestykket for seg. Kanskje har namnet heller med avling å gjere, jfr. Ellevelasshola.

Sekstibakkan på Andøya er små avsatsar, eigentleg eit gammalt utrap. Kva årsak namnet har er usikkert. Vi kunne tenke på sam. ceahkki ”kneik”, men det føreset at resten av namnet er norsk sti(g)+bakke, så det er lov å vere skeptisk også her.

Hundervika i Raftsundet er eit fleirtydig namn. Hunder- kan vere ei forvansking av hulder, endå ho vanlegvis heldt til i berg og haug, men den tidlegare omtalte Femtenfiskvika er ei indirekte påminning om at også andre forklaringar kan vere tenkeloge